


# Utgreiingar etter Fellesnemnda sitt vedtak frå Økonomiplan 2020-2023



## Innhald

Bakgrunn.....	2
Driftsbudsjettet .....	2
Barnehagar, Granvin, Bolstad og sentrumsområdet.....	2
Legekontor Granvin.....	6
Kommunale bygg, vedlikehald og oppfølging .....	8
Opprusting av kommunale vegar .....	8
Strategi for heiltidskultur og lærlingkommune, og vikarpool for Helse og omsorg .....	8
Framleis Bokbuss .....	9
Vossabadet som del av Voss kommune.....	9
Klima i alt me gjer .....	10
Investering .....	10
Skulebygg: Voss ungdomsskule, Vangen skule og Skulestadmo skule.....	10
Barnehagar: Fleire plassar i sentrum, Bolstad og ny barnehage i Granvin.....	11
Bygga institusjonskjøkken på Vetleflaten.....	11
Styrka beredskapen gjennom ny hovudbrannstasjon og brannstasjon på Vinje .....	12
Bokbuss vert mellom dei prioriterte investeringane .....	12
Klimavenlege prosjekt og investeringar skal prioriterast .....	12
Digitaliseringsstrategi .....	12

## Bakgrunn

Fellesnemnda gjorde 14.06.19 vedtak om å sjå nærare på ein del punkt som omhandlar driftsbudsjett og investeringsbudsjett ([link](#)). Under følger utgreiing av dei ulike punkta:

## Driftsbudsjettet

### Barnehagar, Granvin, Bolstad og sentrumsområdet

#### Barnehage Bolstad

Rådmannen vurderer at det finst tre alternative løysingar:

1. **Midlertidig barnehage på Bolstad – gjera mindre oppgradering av bygget slik at det kan brukast ein viss periode**

#### Fagleg vurdering

Rapporten "Barnehagens organisering og strukturelle faktorerens betydning for kvalitet" ([Les rapport her](#)) frå 2011, argumenterer for at mellomstore barnehagar gir best kvalitet. Rapporten definerer ein mellomstor barnehage som ein barnehage på om lag 60 barn. Dei mellomstore barnehagane klarer å kombinere balansen mellom at dei vaksne kjenner barna og det å ha tilstrekkeleg tal tilsette for å danne grunnlag for å ha eit stort nok kompetansemiljø i barnehagen.

Erfaring frå Vossabarnehagen peiker i same retning. Små barnehagar er sårbare med tanke på fagmiljø. Dette utfordrar det generelle pedagogiske tilbodet, utviklingsarbeid i barnehagen og tilrettelegging for born med spesielle behov. Dette med tilpassing til born med spesielle behov er eit særleg viktig moment. Her kan også store barnehagar kjenne på at dei kjem til kort. PPT og andre eksterne instansar kan bistå, men det er avgjerande for å oppnå tidleg innsats at det til dagen finst eit breitt spekter av kompetanse i den einskilde barnehage. Det er eit mål for Voss herad å gje eit likeverdig tilbod i alle våre barnehagar. Det skjer best om barnehagane er av ein viss storleik.

Ved å starta opp att med barnehage på Bolstad går utviklinga i motsett retning av dei faglege tilrådingane. I staden for å ha ein barnehage med om lag 30 born, får me to små barnehagar med 10-15 born. Dette vil forringa kvaliteten for borna vest i heradet.

I diskusjonen om barnehage på Bolstad har det vore diskutert om det er rom for at styrar på Evangar kan vere styrar også for ei avdeling på Bolstad. Det er det ikkje. Avstanden mellom dei to barnehagane gjer til at dette ikkje er tilrådd fagleg. Rådmannen er kjent med at kommunar som har gått inn på løysinga med ein styrar på to barnehagar, har blitt pålagde å tilsetje styrarar i begge barnehagane. Om det vert oppretta barnehage på Bolstad, er det difor rådmannen si vurdering at det må tilsetjast eigen styrar også i denne barnehagen.

Stortinget har vedteke ei ny bemanningsnorm og ei skjerping av pedagognorma. Bemanningsnorma stiller krav om minimum éin tilsett per tre barn under tre år og éin tilsett per seks barn over tre år. Skjerpa pedagognorm inneber minst éin pedagogisk leiar per 7 barn under tre år og minst éin pedagogisk leiar per 14 barn over tre år.

I tilsetjingsprosessar erfarar rådmannen at det er krevjande å rekruttera rett og god kompetanse til små barnehagar og til barnehagar i distriktet. Tilsette i barnehage ynskjer eit fagmiljø og eit kollegialt fellesskap.

### **Økonomisk vurdering bygg - 2,5 mill.kr.**

I inneverande barnehageår har Granvin herad flytta 20 born frå Tueteigen barnehage ned til heradshuset i Granvin av omsyn til kapasiteten i den gamle barnehagen. Det måtte leggjast til rette med møblement og maling i eit bygg som totalt sett var i god stand. I tillegg måtte det monterast nokre enkle leikeapparat. Den totale kostnaden ved oppretting av ny avdeling i Granvin var kr 500 000.

Storleiken på den nye avdelinga i Granvin er om lag som på Bolstad, men bygget på Bolstad er ikkje i så god stand som bygget i Granvin. Det er ei utfordring at bygget på Bolstad ikkje har vore i dagleg bruk på nokre år. På Bolstad må ein difor gjera meir enn å mala for å kunna ta bygget i bruk. Til dømes så må både røyr og elektrisk anlegg kontrollerast og utbetrast og det må lagast til eit nytt kjøkken. Universell utforming er også eit krav frå Arbeidstilsynet når ein barnehage skal reetablerast.

Om det vert lagt til grunn at barnehagen på Bolstad skal ha kapasitet til å ta imot 14 born så krev dette eit areal på omlag 70 kvadratmeter. Dette er noko meir enn det som vart nytta til barnehage sist bygget var i bruk. Ved å bruka gymsalen vil det vera plass til alle borna i kjellaren. Dei tilsette må ha kontor, pauserom og toalett i etasjen over.

Kostnadsoverslag for enkel rehabilitering av bygget for midlertidig bruk er estimert til om lag éin mill.kr. Om det i tillegg vert stilt krav om universell utforming av bygget vil det meir enn dobla den kostnaden. Til slutt må det også gjerast utbetringar utomhus då gjerde og leikeapparat ikkje held godkjent standard. Totalt vert kostnadene på minimum 2,5 mill.kr. Dugnadsinnsats frå innbyggjarane vil bli mottatt med takk og det kan gje noko innsparingar.

### **Økonomisk vurdering drift - 900 000 kr. årleg**

Drift av eit lite barnehagebygg kostar om lag 500 000 kr/årleg. Dette inkluderer vaktmeisterteneste, reinhald, straum, vatn- og avlaup og andre tenester knytt til bygget. I tillegg seier Barnehagelova §17 at *«Barnehagen skal ha en daglig leder som har utdanning som barnehagelærer eller annen høgskoleutdanning som gir barnefaglig og pedagogisk kompetanse.»* For små barnehagar krevst minimum 50% stilling til leiing. Dette utgjør ein årleg kostnad på om lag kr 400 000. Totalt får me då ei årleg meirkostnad på drift av Bolstad barnehage på kr 900 000.

Dersom heradsstyret vel å oppretta barnehage på Bolstad vil det vera avgjerande for økonomien at storleiken på barnehagen vert avgrensa innanfor rammene til bemannings- og pedagognorma. Kwart fjerde barn under tre år eller kvart 7. barn over 3 år utlyser behov for ein ekstra tilsett. Like så utløyser kvart 8. barn under tre år og kvart 15. barn over tre år behov for ein ekstra pedagogisk leiar. Storleiken på barnehagane på Bolstad og Evanger kan føra til auka bemanningskostnadar dersom delingstala medfører totalt sett auka behov for bemanning. I tillegg fører små personalgrupper til mindre fleksibilitet for dei tilsette til å løysa små eller større utfordringar i kvardagen.

## **2. Renovering og oppgradering til varig løysing**

### **Fagleg og økonomisk vurdering**

Alternativ 2 er å oppretta barnehage på Bolstad som ei varig løysing, Dei faglege vurderingane for ei slik løysing vil vere likelydande som for punktet over. Einaste skilnad er at ei permanent løysing gjev betre kontinuitet for borna enn ei midlertidig løysing.

Kostnadene med ei permanent barnehageløysing på Bolstad vil vera høge. Om barnehagen skal få normal standard må det gjerast meir omfattande rehabilitering. Dette gjeld generelle byggtkniske krav, men rådmannen ser også at det må gjerast større tilpassingar for personalet om barnehage på Bolstad skal vere ein varig løysing. Eit grovt prisestimat på dette, er om lag kr 8 mill.

I tillegg kjem dei auka årlege driftsutgifter for på minimum kr 900 000 som skissert i alternativ 1.

Dersom heradsstyret ynskjer å oppretta barnehage på Bolstad som ei permanent løysing bør rådmannen få i oppgåva å utgreia om barnehagen på Bolstad skal erstatta barnehagen på Evanger.

## **3. Fortsetja som i dag med barnehage på Evanger**

Det tredje alternativet er å fortsetja som i dag med barnehage på Evanger og ikkje på Bolstad. Dette er ein barnehage som fungerer godt. Både pedagogisk, fagleg og organisatorisk er ein barnehage med om lag tretti born betre enn to barnehagar med om lag 15 born (sjå alternativ 1 for vurdering). Økonomisk er dette òg ei betre løysing då eit bygg er billigare enn to, ein klarar seg med ein styrar og ein får betre utnytting av personalressursane.

For foreldra og borna er det naturlegvis ei ulempe med lengre reiseavstand til barnehagen. Både for privatøkonomien og klimaavtrykket er dette negativt. Foreldra kjenner seg utrygge på vegen mellom Bolstad og Evanger og det er inga god kjensle.

### **Tilråding:**

Rådmannen vil rangera alternativa i denne rekkefølga:

1. Fortsetja som i dag med berre barnehage på Evanger
2. Midlertidig barnehage på Bolstad
3. Varig løysing på Bolstad

Tilrådinga til rådmannen er skuffande for innbyggjarane på Bolstad. Kommunen si evne til å levera eit likeverdig og fullgodt pedagogisk tilbod i Evanger barnehage samt manglande økonomiske rammer, blir vektlagt høgare enn foreldra sin tryggleik og ynskje om ein barnehage nær heimen. Slike val er vanskelege. Barnetalet i vestre delar av heradet bør gå opp betydeleg opp før det vil vera hensiktsmessig å dela Evanger barnehage i to.

## **Barnehage Granvin**

Rådmannen tilrår at det vert bygd barnehage i Granvin som er i tråd med rådmann frå Granvin sitt framlegg for Granvin heradsstyre ([link](#)). Dette inneber ny barnehage i Bygdatunet med 84 plassar. Kostnadsramme for barnehagen er på 39 800 000.

Ny barnehage er planlagd med byggestart i 2020 og ferdigstilling i 2021

I vedtaket frå heradsstyret i Granvin er det derimot lagt opp til at barnehagen skal vere lokalisert i same området som no og at den skal ha kapasitet til 96 born.

I august 2019 var det totalt 60 born i barnehagen i Granvin. 27 av dei var under 3 år og tel to plassar, altså totalt 87 plassar. I SSB sine framskrivingar av folketalet går barnetalet i Granvin ned i framtida. I tillegg vil det i Voss herad vere mogleg for dei av gravensarane som ynskjer det, å velje ein annan barnehage enn den som ligg i Granvin.

I byggeperioden vil det også vere langt enklare å drive barnehage i Granvin om ein vel ei løysing der barnehagen vert lagt til Bygdatunet.

## **Barnehage sentrumsområdet**

For barnehageåret 2019-2020 har Voss kommune og Granvin herad kapasitet til å tilby barnehageplass til dei som har rett på barnehageplass. Med endå høgare kapasitet kunne heradet hatt tilbod om barnehageplass også til dei som måtte ynskja dette utan at dei har lovmessig rett på ein barnehageplass. Dette kan gjelde tilflyttarar, men det kan også opne for endra praksis om fleire i framtida ynskjer utsett skulestart.

Barnehagen på Bulken har lite tenlege lokale. Bulken barnehage er lokalisert ved skulen, og det er utfordringar knytt til veg og parkering. På Bulken er det ikkje moglegheiter for utviding.

Vetlebarnehagen, ein privat barnehage som i år har 10 born, har varsla nedlegging i frå august 2020.

For å auka kapasiteten med fleire barnehageplassar i sentrum så har rådmannen to moglege framlegg.

Alt. 1: Det vert etablert ny barnehage med 60 nye barnehageplassar i nærleiken av Voss sentrum. Denne kan erstatte Bulken barnehage, ta imot borna frå Vetlebarnehagen og styrka den totale barnehagekapasiteten i heradet. Ny barnehage kan etablerast på fleire måtar, som til dømes:

- Oppretta eigen friluftsbarnhage eller ordinær barnhage som nyttar stasjonsbygget/gondolen/gamle hanguren
- Oppretta barnhage knytt til ny idrettsfløy på ungdomsskulen/Prestegardsmoen
- Revurdera skulestrukturen sentralt i Voss herad (sjå sak om prioriteringar av skulebygg)
- Ta i bruk Hagahaugen til barnhage anten som ordinær barnhage eller som base for utegruppene i Bjørgamarka og Voss barnhage.

Om det vert oppretta ein friluftsbarnhage så kan friluftsavdelingane som i dag er på Bjørgamarka og Voss barnhage samlast i den nye barnhagen. Då vil det verte ledig kapasitet hjå desse barnhagane.

Alt. 2: Bulken barnehage består på same plass som no. Kapasiteten vert auka ved å utvide ein av dei eksisterande barnehagane med om lag 20 plassar

- Gjernes vert utvida
- Voss barnehage vert utvida

Det er per i dag ikkje økonomisk handlerom til å utvida barnehagekapasiteten ut over lovkravet. I tillegg vil ny barnehage i Granvin auka heradet sine drifts- og finanskostnadar med kr 2 – 2,5 mill.kr per år. Dessutan slit dei private barnehagane i heradet økonomisk på grunn av innføringa av bemannings- og pedagognorma. Dei ber om auka årleg tilskot på kr 2,5 mill.kr per år samla for alle barnehagane for å komma i balanse. Dette innspelet kom inn for seint til å bli vurdert av rådmannen.

## Legekontor Granvin

Legekontoret i Granvin vart vedteke nedlagt ved inngangen til Voss herad gjennom intensjonsavtalen for samanslåinga. I ettertid har det oppstått eit ynskje og ein diskusjon om å framleis ha legekontor i Granvin etter samanslåinga. Dei faglege innspela frå legane er tydelege på at det er ynskjeleg å samla kommunalt legetilbod i eitt kontor i ny kommune. Både tillitsvalt for dei tilsette legane og kommuneoverlegen er tydelege på at dei vil kunna gje betre tenester om dei er organiserte i eit felles kontor. Rekruttering av legar har vorte svært utfordrande i dei fleste kommunar i landet eit element som er avgjerande for rekrutteringa av legar at dei er organiserte i eit kontorfellesskap saman med andre legar.

Legane har samansette oppgåver der legetimar berre utgjør ein del av kvardagen. I tillegg har dei ansvar for daglegevakt med uttrykkingsplikt, tilplikta kommunale oppgåver som teneste på sjukeheim eller på helsestasjon og vaktteneste på kveld og natt. Krava til spesialisering er skjerpa frå 2019, her fylgjer det strengare krav til oppfylgning av turnuslegar. Det er følgjeleg svært krevjande å skapa eit stabilt tilbod dersom legeressursane vert spreidd på fleire lokasjonar. Eit berande prinsipp er å forma legekontoret til krava som er stilt til eit slikt kontor samstundes som det tek i vare dei som jobbar i kontoret.

Fastlegeforskrifta § 23 som omhandlar heimebesøk sikrar dei sjukaste brukarane i Granvin ei god legeteneste sjølv om legekontoret i den nye kommunen vert lagt til Vossevangen. Rådmannen har tidlegare tilrådd at fastlegen skal gje tilbod om heimebesøk til innbyggjarar fastlegen har på si liste til personar som:

- a) på grunn av si helsetilstand eller funksjonsevne ikkje er i stand til å møte til konsultasjon på legekontoret eller
- b) når dette er nødvendig for å sikra pasienten forsvarleg helsehjelp.

Dette er eit tilbod som truleg kunne ha sikra tryggleiken til dei mest sårbare pasientane i Granvin.

Kostnader forbunde med drift av legekontor 2 dagar i veka i Granvin vil liggja på mellom kr 300 000 kr og éin mill.kr. i året, og mest sannsynleg ein stad i midten av intervallet. Under er laga ein tabell som stipulerer kostnadane. Minst halvparten av kostnaden er løna til ein lege i 50% stilling i Granvin.

<b>Kostnader til drift av legekontor i Granvin</b>	
640 000	50% lege
220 000	Legesekretær 40 %
50 000	Reinhaldar
25 000	Kontor
40 000	Bilutgifter
-75 000	Helfo-refusjon
900 000	

Årsaka til at kostnaden er oppgitt i eit så stort intervall, er alternativkostnaden til legen. Dersom tilfellet er at det finst overkapasitet og stillinga på 50% kan reduserast vil det vera ei reell innsparing. Dersom det ikkje vil verta ein reduksjon i det heile, er ikkje innsparinga reell. Truleg ligg sanninga ein stad i midten. Legane melder at dei ikkje klarer å fylla dagane heilt opp når dei er i Granvin og at det såleis finst ein overkapasitet.

Eit siste moment i dette biletet er at dersom legekantoret i Granvin blir lagt ned og det blir ein overkapasitet i den ordinære legetenesta så er det behov for å nytta denne ressursen til andre lovpålagte område der legeressursen i dag er for låg, til dømes innan skulehelsetenesta.

Tilbakemeldingane frå fastlegane på Voss siste året er at dei opplever sin kvardag som svært krevjande. Dei har blitt møtt på nokre av krava sine, men det finst framleis område der det bør setjast inn tiltak for å letta deira arbeidsbør. Eitt alternativ som er utgreidd i seinare tid, er moglegheita for å starta opp med legevakt på dagtid i legevakta me driv i dag. Det kan bli eit godt supplement til ei allereie hardt pressa fastlegeverksemd.

Vurdering:

Rådmannen har tidlegare vore tydeleg på at det er riktig å leggja ned legekantoret i Granvin, både av faglege og økonomiske årsaker. Rådmannen meiner framleis dette. Likevel vel rådmannen å overprøva det faglege rådet om å leggja ned no. Kostnadsbiletet er uklart. Det er heva over ei kvar tvil at det vil vera ein meirkostnad, men storleiken på denne er usikker. For legane og for den heilskaplege faglege kvaliteten og kapasitetsutnyttinga vil det vera ein fordel å samla fagmiljø på færrest mogleg lokasjonar. Også for å minimera behova for investeringar i utstyr vil det vera økonomisk gunstig med færre lokasjonar. For dei av pasientane i Granvin som nyttar ein av legane i Granvin som fastlege vil det vera ei føremon med kortare reiseveg til legen. Rådmannen er av den oppfatning at legekantoret kan bestå ei stund til, så lenge det er tilgang på legar som kan arbeida der, så lenge det er nær full kapasitetsutnytting dei dagane det er ope, og så lenge det ikkje er behov for investeringar i utstyr.

Tilråding:

Granvin legekantor fortset som utekantor to dagar i veka. Ordninga skal evaluerast årleg. Evalueringa skal ta stilling til bemanning/rekruttering, økonomi, kapasitetsutnytting og behov for utstyr. Tiltaket vert finansiert med kr 300.000 per år frå Granvin bygdeutviklingsfond så lenge ordninga held fram og eventuelle meirkostnadar vert dekkja innanfor ramma til tenestområdet helse.

## Kommunale bygg, vedlikehald og oppfølging

Voss herad vil ha ansvar for mange formålsbygg der kommunale tenester vert tilbydd. Heradet nyttar eit vedlikehaldsprogram, FAMAC, for å ha oversikt over behov for vedlikehald. Registrert vedlikehaldsbehov innan formålsbygg er per i dag estimert til 147 mill.kr. I tillegg kjem Vangen skule, Skulestad skule og Voss ungdomsskule der ein har egne prosjekt på gang. Sjå egne tiltak i framlegg til Økonomiplan 2020-2023 og tekst i dette dokumentet. Rådmannen har ikkje funne rom for fleire vedlikehaldsprosjekt enn det som vart lagt fram med økonomiplan vår 2019.

Vedlikehald av kommunale bustader er ikkje lagt inn i FAMAC, då dette i prinsippet skal balanserast med husleigeinntekter.

Det bør sikrast større økonomisk handlingsrom i Voss herad for å ta ned vedlikehaldsetterslepet.

## Opprusting av kommunale vegar

Det er utført mykje godt arbeid i form av oppgradering og vedlikehald av kommunale vegar både i Granvin herad og Voss kommune dei siste åra. Likevel er det viktig å oppretthalde denne satsinga i Voss herad, då det framleis er etterslep på vedlikehald av det kommunale vegnettet.

Avdelinga utfører oppgåver i tråd med prioriteringsliste for kommunale vegar. Til grunn for dette arbeidet ligg faglege vurderingar av trong for oppgraderingar og vedlikehald sett i samanheng med trafikkettleik. Brøyting/strøing og vedlikehald etter vinterslitasje/skadar utgjer relativt stor del av budsjettet, men varierer frå år til år. Dette vert regulert i løpet av året med å prioritera opp og ned ulike drifts- og investeringstiltak, innafor budsjetttrammene.

Det er ikkje funne rom i investeringsbudsjettet til nye vegprosjekt eller årleg løyving til kommunale bruer med 1,5 mill.kr. Fagleg vurdering er at dette bør løyvast midlar til, då manglande oppgradering på sikt kan føra til stengde vegar.

## Strategi for heiltidskultur og lærlingkommune, og vikarpool for Helse og omsorg

For å få til ein heiltidskultur må det arbeidast systematisk over tid. Å byggja ein heiltidskultur betyr å tenkja nytt rundt korleis tenestene og arbeidstida vert organisert. I helse- og omsorgstenestene har det som del av årsturnus vorte gjennomført ein del oppauke i stillingsstorleik for dei som har delstillingar. Dette er eitt av fleire tiltak som kan gjerast for at fleire jobbar heiltid.

Vikarpool i Helse og omsorg er under planlegging i område Vest, som omfattar Voss sjukeheim og heimetenester i vestre delar av heradet. Forventa effekt er frå 8. mars 2020, samstundes som ny årsturnus startar. Det er ynskjeleg å starta i eitt område for å henta erfaringar som kan nyttast vidare i dei andre områda. På grunn av oppauke i stillingar og andre endringar i tenestetilbodet finst det no ressursar som er tilgjengelege for å gå inn i ein vikarpool. Kvar einskild arbeidstakar som skal ha arbeidet sitt i vikarpool vil ha ei fast avdeling dei høyrer til i. Dei vil også arbeide der når dei har arbeidshelgene sine, og vil bli fylgt opp av leiar på avdelinga. Vaktene i vikarpool skal nyttast i høve alle typar fråvær, som



ferie og sjukdom. Rådmannen vonar denne endringa vil gje effekt på bruk av variabel løn, som er ekstrahjelp, sjukefråvær og overtid.

Voss herad har som mål å auka talet på læreplassar i løpet av økonomiplanperioden. I 2020 skal det utarbeidast ein strategi for nå dette målet. Pr i dag har me 9 lærlingar, fordelt på sju i helsefag, ein i barn og ungdom og ein i IKT.

## Framleis Bokbuss

I Opplæringslova §9-2 står det at «Elevane skal ha tilgang til skolebibliotek. Departementet kan gi nærmare forskrifter». I Forskrift til opplæringslova §21-1 vert det presisert:

“Skolen skal ha skolebibliotek med mindre tilgangen til skolebibliotek er sikra gjennom samarbeid med andre bibliotek. Bibliotek som ikkje ligg i skolen sine lokale, skal vere tilgjengeleg for elevane i skoletida, slik at biblioteket kan brukast aktivt i opplæringa på skolen. Biblioteket skal være særskilt tilrettelagt for skolen.”

Voss kommune har valt å løysa kravet om tilgang til skulebibliotek ved å samarbeida med folkebiblioteket som drifrar bokbussen. I tillegg til sju barneskular og ein ungdomsskule, går bussen til 13 barnehagar utanfor sentrum. I 2018 lånte bokbussen ut 20 628 bøker til skuleborn og 2 503 til barnehageborn i kommunen. Kvart skulebarn lånte i snitt to bøker per bokbussbesøk, dvs. 24 bøker i året. I tillegg til å låna ut bøker har bokbussen også formidling av litteratur og kunnskap. I år har det mellom anna vore ein klimaturné. Det ideelle ville vera at alle skulane hadde kvart sitt bibliotek med skulebibliotekar. Bokbussen er ei minimumsløysing.

Voss bibliotek sin bokbuss er 16 år gamal, og det vert stadig vanskelegare å skaffa reservedelar når noko går sundt. I januar 2019 var det eksplosjon i bussen. Bussen har høge driftsutgifter, ulike reparasjonar kom på om lag 100 000,- kr i 2018. Ein ny bokbuss vil vera meir miljøvenleg. Ny bokbuss er sagt vil kosta om lag 2,5 mill.kr. Det vil vera råd å søkja om ein mindre sum i stønad til lokale kulturbygg.

Rådmannen vurderer at ei investering på kr 2,5 mill. for ny bokbuss er ein svært høg sum og alternative løysingar bør vurderast. Ei alternativ løysing kan vera å kjøpa ein ordinær buss og ha kommunalt tilsett sjåfør. Denne bussen kan nyttast av skulane for å koma seg til både Voss bibliotek og Vossabadet. Bussen kan også nyttast av andre tenesteområdet i heradet. Nokre fordelar med ei slik løysing er at born vil få tilgang til det beste biblioteket me har, og det kan motivere til meir bruk av biblioteket på sikt. Dette forslaget kom seint i budsjettprosessen og rådmannen ber om å få koma tilbake med ei økonomisk og praktisk analyse av dette alternativet før han konkluderer. Det vil vere viktig å gjera utgreiinga i tett dialog med skulane. Målet er å koma med ei tilråding til fyrste tertial 2020.

Tilråding:

Heradsstyret ber rådmannen leggja fram sak om ulike måtar å løysa tilbodet om skulebibliotek for elevane i grunnskulen.

## Vossabadet som del av Voss kommune

Rådmannen tilrår å fortsetja med Vossabadet som eit eige kommunalt føretak då tenesta skil seg frå andre kommunale tenester ved å ha ein meir kommersiell karakter. I slike tilfelle kan det vera ein fordel å ha verksemda meir som ei sjølvstendig eining for å sikre effektiv drift. Rådmannen har likevel vurdert budsjetteringspraksis og tilrår nokre endringar frå 2020. Det inneber at Vossabadet får auka driftstilskot frå kommunen. Auken kjem i hovudsak frå at midlane som grunnskulane betalte for skulebading per elev og badevert vert overført til

Vossabadet som eit driftstilskot i staden, i tillegg til noko auka driftstilskot. I budsjettframlegget for 2020 er det føreslått eit driftstilskot på 3,1 mill.kr. Rådmannen har tru på at dette vil gje meir føreseielege rammer for Vossabadet, og eit godt grunnlag for å jobbe med effektivisering av drifta. Voss herad har to kommunale føretak, Vossabadet og Idrettshallen med ikkje heilt ulike føremål. Då Vossabadet vart oppretta vart det sagt at etter Vossabadet var kome i meir normal drift burde ei samanslåing med Voss idrettshall KF vurderast.

Tilråding:

Heradsstyret bestiller ei sak frå rådmannen der samanslåing av Vossabadet KF og Voss idrettshall KF i eitt kommunalt føretak vert vurdert.

## Klima i alt me gjer

Kommunen sin samfunnsdel er no lagt fram på høyring og er utarbeida med tett kopling mot FN sine berekraftsmål. Dette inneber at heile heradet skal jobba mot måla og dermed også mot å skapa miljømessig berekraft. For å greie dette må tilsette tenke klima i alt me gjer og me må utøva det samfunnsansvaret me har. Rådmannen vil i tida framover arbeida med å konkretisera måla i samfunnsplanen og ansvarleggjera avdelingar og funksjonar i organisasjonen til dei ulike måla og tiltaka. Når den samfunnsplanen er endeleg vedteken bør heradsstyret i samband med rulleringa av planstrategien vurderer å rullera energi- og klimaplanen.

## Investering

Når det gjeld investeringar peika Fellesnemnda på følgjande punkt, som rådmannen har gjort ei vurdering av:

### Skulebygg: Voss ungdomsskule, Vangen skule og Skulestadmo skule

Voss kommunestyre har fatta vedtak om at me skal starte anbudsprosess for planlegging av rehabilitering av Vangen- og Skulestad skule. Det er også fatta vedtak om å starta utgreiing av behovet for idrettsfløy og starta anbudsprosessen for planlegging på dette prosjektet. Kommunestyret har i utgangspunktet ikkje bestemt ei prioritering av prosjekta, men i Økonomiplan som vart lagt fram for Fellesnemnda våren 2019 låg rehabilitering av dei to barneskulene først, og idrettsfløyen deretter. Prioriteringa den gongen var ikkje fundamentert i dei reelle behova men er.

Rådmannen har no vurdert alle investeringane i heradet på nytt og ser at det er mogleg å starte med idrettsfløy fyrst. Av økonomiske årsaker betyr det utsett oppstart av arbeidet på Vangen og Skulestad.

### Status på dei ulike bygga

Idrettsfløyen på ungdomsskulen er i svært dårleg forfatning. Bygg og eigedom har årleg hatt til dels store vedlikehaldskostnader med å halde taket tett og med å halde sopp og råte i sjakk. Seinast i haustferien 2019 vart det gjort utbetringar av garderobane. Tilrådinga frå fagfolk er å rive bygget så snart som råd. Rådmannen meiner difor at dette bygget må prioriterast fyrst.

Ungdomsskulen er også dårleg tilrettelagt for elevar med nedsett funksjonsevne. Ein ny idrettsfløy må difor også innehalde ei avdeling som dei kan nytte seg av. Til slutt må det

vurderast om ungdomsskulen kan ha behov for fleire klasserom som kan byggjast inn i ny idrettsfløy.

Også på Vangen skule er det utfordringar med bygningen. Musikkrommet i kjellaren er stengt av verneombodet fordi det ikkje er ventilasjon i denne etasjen, og dette rommet er utan vindauge. Heile kjellaren manglar ventilasjon. Det betyr at einaste ventilasjon i gymsalen er vindauge som kan opnast. Vangen har også utfordringar med nok plass til elevar og tilsette. Garderobefasilitetane til dei tilsette er dårleg. Vangen skule treng rehabilitering.

Skulestad skule har lokale som er både gamle og nedslitne. Det som avhjelper på denne skulen er at det er har relativt god plass. Mellom anna er eit klasserom gjort om til arbeidsrom til lærarar. Noko rehabilitering er alt gjort, men mykje står att.

Dette er på ingen måte ein fullstendig liste over tilhøva ved dei ulike skulene. Alle dei tre skulene har store behov og det er vanskeleg å vekta dei opp mot kvarandre og med større økonomisk handlingsrom burde alle blitt prioritert no.

### **Spørsmål som ikkje er avklara**

Rådmannen jobbar i desse dagar med å sjå på kringsgrensene til skulane, og særleg dei som ligg nær sentrum. Dette må gjerast fordi Fylkesmannen har gitt medhald til foreldre som har søkt om å få skifta skule trass i at dei bur innanfor eksisterande kringsgrenser. Farleg skuleveg låg til grunn når kringsgrensene som gjeld no vart fastsett. Når det no er mindre trafikk i sentrum, etter at det kom tunnel, ser Fylkesmannen berre på avstand mellom heim og skule når han fastset kva skule elevane skal gå på. Dette kan fyrst og fremst få betydning for Vangen skule. Når ny gangbru frå Gjernes kjem på plass, vil enno fleire elevar kunne få Vangen som næraste skule. Før rehabilitering av Vangen startar bør det behovet for framtidig storleik på skulen avklarast.

Dette reiser spørsmål om skulestrukturen i sentrum. Kan det til dømes bli aktuelt å bygge ny ungdomsskule og sjå føre seg at gamal ungdomsskule kan bli til ein barneskule? Og om det skjer, treng me då idrettsfløy på ungdomsskulen? Svaret på det siste er ja. Idrettsfløy er aktuelt også om ungdomsskulen vert lagt om til å bli ein stor barneskule.

### **Barnehagar: Fleire plassar i sentrum, Bolstad og ny barnehage i Granvin**

Rådmannen har ikkje funne rom i økonomiplanen eller låneramma til å legge fram utviding av barnehagekapasitet når det gjeld bygg. Barnehage i Granvin er planlagt med 19 mill.kr i 2020 og tilsvarande i 2021.

Voss herad vil framleis klara å innfri kravet om lovfesta rett til barnehageplass. Om kapasiteten på barnehageplassar skal utvidast må det økonomiske handlingsrommet bli større enn det er no.

### **Bygga institusjonskjøkken på Vetleflaten**

Kommunalt kjøkken er planlagt som eit tiltak i økonomiplan i 2021. I økonomiplanen er det budsjettert med ei økonomisk ramma som er basert på ei grovkalkyle av sentralkjøken på Vetleflaten. I samråd med den politiske arbeidsgruppa har rådmannen i haust jobba vidare med vurderer eit alternativ der ein i staden byggjer større mottakskjøken på institusjonane og eit mindre sentralkjøken. Dette krev grundigare bygningstekniske vurderingar på institusjonane enn det som er gjort til no. Også plasseringa av sentralkjøkenet kan bli endra

som eit resultat av dette. Rådmannen har oppretta dialog med Husbanken for å få klargjort kva løysingar som gjev maksimal utteljing frå det statlege tilskotet.

Hovudmålsetjinga med prosjektet er framleis å auka kvaliteten på maten og serveringa.

### Styrka beredskapen gjennom ny hovudbrannstasjon og brannstasjon på Vinje

Rådmannen har i sitt framlegg til årsbudsjett og revisjon av økonomiplan 2020-2023 endra tidsplan på utbetring av brannstasjon på Vinje/Vossestrand. Bygging av ny brannstasjon i samarbeid med Røde Kors er no framskunda med oppstart i 2020 og ferdigstilling i 2021. Tiltaket var tidlegare planlagt i slutten av planperioden. Dette vart vedteke som eiga sak i fellesnemnda i august 2019.

### Bokbuss vert mellom dei prioriterte investeringane

Sjå vurderinga under drift.

### Klimavenlege prosjekt og investeringar skal prioriterast

Rådmannen vil vurdere klimavenlege løysingar i dei investeringstiltaka som allereie er planlagt i økonomiplanperioden, men har ikkje funne rom for å legge fram nye tiltak ut over dei planlagde.

### Digitaliseringsstrategi

Rådmannen arbeider med å få på plass leiar for digitalisering og IT. Saman med den nye leiaren skal det i løpet av 2020 utarbeidast ein digitaliseringsstrategi.